



Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep

0030 Oslo

Dykkar ref.:
200304373-5/JD

Vår ref.:
2464/03/bel/elk

Molde, 28.08.2003

UTKAST TIL LOV OM NY EINING FOR INNOVASJON OG INTERNASJONALISERING - HØYRING

Vi viser til høyringsnotat av 04.07.03 om lov for ny eining for innovasjon og internasjonalisering.

- ./.
- Vedlagt følger administrasjonens saksframlegg og innstilling til uttale. Møre og Romsdal fylkeskommune vil behandle saka i nærings- og miljøutvalet på førstkomande møte den 09.09.03 og i fylkesutvalet den 17.09.03. Endeleg vedtak om uttale vil bli ettersendt.

Med helsing



Bergljot Landstad

Elisabeth Kandal
Elisabeth Kandal

Vedlegg.



SAKSFRAMLEGG

Vår ref.:
02464/03/bel/elk

Molde, 28.08.2003

Til nærings- og miljøutvalet

NM - /03 A

UTKAST TIL LOV OM "ENEIET FOR INNOVASJON OG INTERNASJONALISERING" - HØYRING

1. Bakgrunn

Stortinget behandla 18. juni 2003 St.prp.nr. 51 (2002-2003) "Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv". Regjeringa sitt forslag om å opprette ei ny innovasjons- og internasjonaliseringseining fekk tilslutning. Selskapet får ansvar for forvaltning av dei næringsretta virkemidla under SND, Statens veiledningskontor for oppfinnere, Norges Turistråd og Norges Eksportråd.

Høyringa gjeld utkast til lov om det nye selskapet. Vi viser til vedlagt Utkast til særlov for ny virkemiddeleining

Høringsfrist 1. september

2. Hovudtrekk i utkast til lov

Formål, målgruppe og organisering

Selskapets formål er å fremme bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam næringsutvikling i heile landet gjennom å bidra til innovasjon, regional utvikling, internasjonalisering og profilering.

Selskapet skal både vere eit verkty for myndigheitenes næringspolitikk, og

samtidig ein marknadsnær serviceinstitusjon og premissleverandør for næringspolitikken.

Det skal jobbast aktivt med utvikling av innovasjonssystem i heile landet og sjå innovasjon, regional utvikling og internasjonalisering i samanheng.

Selskapet si verksemd er tenkt finansiert med lån og tilskot frå staten, private aktørar og offentlege aktørar på regionalt nivå.

Konkret kan selskapet sine midlar brukast til:

1. Finansiering
2. Rådgiving og kompetanshøgjande tiltak
3. Nettverk og infrastruktur
4. Profilering av norsk næringsliv i utlandet

Den primære målgruppa er entreprenørar, unge bedrifter, samt små og mellomstore bedrifter med vekstpotensial.

Eininga blir organisert som eit særlovsselskap under NHD (tilsvarande dagens organisering av SND). Denne

organisasjonsforma balanserer myndigheitenes behov for styringsmulegheit på overordna plan, mot selskapet sitt faglege ansvar for vedtak i enkeltsaker. Organisering som særlovsselskap sikrar også at staten blir eineigar dvs. det kan ikkje skje sal av eigarinteresser til private.

Selskapet skal ha eit styre på minst 8 personar, herav to representantar frå dei tilsette.

Kontorstrukturen for distriktskontora skal i hovudsak følge fylkesstrukturen. Styret avgjer endringar i antal distriktskontor. Selskapet skal samarbeide med det regionale nivået i offentleg sektor. Samarbeidet skal regulerast gjennom eigne avtaler. Avtalene må baserast på at fylkeskommunen skal stå i spissen for regionale partnerskap og vere ein strategisk aktør i den regionale utviklinga. Det offentlege virkemiddelapparatet vil i stor grad vere utførande aktør for bedriftsretta aktivitet.

Departementet meiner at distriktskontora vil kunne utvikle seg i ulike retningar framover innan rammene som er trekt opp gjennom St.prp. 51 og fylkeskommunens nye rolle. Dette gjeld både antal tilsette, disponible midlar og fokus for arbeidet. Departementet vurderer å gå bort frå kravet om eit styre på distriktsnivå. Det bør i flg. departementet vere opp til selskapets hovudstyre å vurdere behovet for, og evt. samansetning av regionale styre. Dette må vurderast med utgangspunkt i utfordringar i regionalt næringsliv og verkemidla som står til rådvelde. Departementet ønskjer derfor ikkje å *lovfeste* ein distriktskontorstruktur og styringa av desse.

Forholdet til anna lovgiving

Departementet foreslår at forvaltningslova ikkje skal gjelde for det nye selskapet. Dette er i samsvar med statsforetakslova.

Ein legg opp til å vidareføre SND sitt forhold til offentlegheitslova dvs. kun dokument som gjeld konkrete søknader om finansiering kan unntakast frå offentlegheit.

3. Vurdering av utkast til ny lov

Ei samanslåing av SND, SVO, Noregs Turistråd og Noregs Eksportråd vil gi grunnlag for meir heilskapleg virkemiddelbruk. Fylkeskommunen er derfor positiv til oppretting av dette organet.

Når det gjeld utkast til lov for selskapet har vi følgjande kommentarar:

Kapittel 2. Selskapets finansiering m.m. §8.

Lova gir her opning for at private aktørar kan yte lån og tilskot til finansiering av selskapet si drift. Vi meiner dette kan føre til konflikt i høve til ulike interesser når det gjeld fastsetting av reglar for bruk av midlane og også i høve til habilitetsspørsmål og etiske retningslinjer.

Kapittel 3. Selskapets virksomhet §11 organisering på regionalt nivå.

Her går det fram at selskapet skal samarbeide med det regionale nivået i offentleg sektor og at samarbeidet skal regulerast nærare gjennom eigne avtaler mellom selskapet og den enkelte aktør. SND har i dag eigne styre for kvart distriktskontor. Departementet vurderer å gå bort frå modellen med krav om styre på distriktsnivå. Utkast til lov inneheld derfor ikkje krav til lokalt styre. Det har skjedd ei utvikling med regionalisering av verkemidla og innretting av verkemidla i høve til lokale behov og utfordringar. Vi har fått ei tydeleg styrking av fylkeskommunens rolle som strategisk utviklingsaktør, og fylkeskommunen har fått ein styrka bestillarrolle. Det kan argumenterast for at det bør vere klart skille mellom fylkeskommunen som bestillar og SND/evt. andre som utførar av tenester. Men dette er vurderingar som

fylkeskommunen må gjere i samband med oppnemning av representantar i styret. Uavhengig av dette, meiner vi det er viktig å ha regionale styre for kvart distriktskontor med både næringslivsforankring og fylkeskommunal forankring (dvs. styremedlemmer oppnemnde av fylkeskommunen). Styret er eit viktig og nødvendig organ for lokal forankring og for å følge opp avtalen mellom fylkeskommunen, som regionalpolitisk utviklingsaktør og selskapet, som utførande aktør for bedriftsretta aktivitetar. Vi meiner, med bakgrunn i dette, at grunnlaget og behovet for eit lokalt styre er tydeleg, og bør takast med som eit krav i lova, alternativt innarbeidd i vedtektene for selskapet.

Kapittel 4. Styre og administrerende direktør §14 styrets samansetning m.m.

I flg. departementets forslag skal selskapet ha eit styre på 8 personar, herav to frå dei tilsette. Auka representasjon av kvinner i styra er vektlagt sterkt frå politiske myndigheiter jfr. krav om 40% kvinner innan 2005. For å sikre at dette blir ivareteke ved val av styremedlemmar, set vi spørsmål ved om det bør takast med i utforming av §14 på lik linje med td. at to styremedlemmar skal velgast blant dei tilsette. Vi ber om at dette vert vurdert.

Kapittel 5. Habilitet, taushetsplikt m.m. § 27 taushetsplikt.

Paragrafen regulerer den tilsette eller den som har tillitsverv si generelle taushetsplikt. Eit anna forhold er utveksling av informasjon mellom samarbeidspartane i regional utvikling. Openheit mellom samarbeidspartane på regionalt nivå er viktig for å få til eit optimalt samarbeid og prioritering av verkemidla. Siste setninga i § 27 presiserer at taushetsplikta ikkje skal vere til hinder for utveksling av informasjon. Vi set spørsmål ved om denne setninga tydeleg nok ivaretek dette behovet.

4. Tiltråding

Nærings- og miljøavdelinga rår nærings- og miljøutvalet til å gjere slikt

V e d t a k

1. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er viktig at kvart distriktskontor har eige styre og at dette vert innarbeidd som eit krav i lovteksten, eller alternativt i vedtektene.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at følgjande forhold blir vurdert:
 - Om selskapet si finansiering §8; opning for delfinansiering av selskapet si verksemd ved lån og tilskot frå private aktørar. Vi set spørsmål ved om dette kan føre til konflikt i høve til regelverk for bruk av selskapet sine midlar og i høve til habilitet og etiske retningslinjer.
 - Om styret si samansetning §14. Krav til minimum 40% kvinner.
 - Om taushetsplikt § 27. Gjensidig informasjon mellom samarbeidspartane i regional utvikling er viktig i koordinering og prioritering av tiltak. Vi set spørsmål ved om dette er ivareteke godt nok i lovteksten.

Joralf Flataukan

Bergljot Landstad

Saksbahandlar: Elisabeth Kandal

Vedlegg: Utkast til særlov for ny virksomhet.